

HYRDINGEN

Nr. 2

April 2022

ÅRGANG 64

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Visitasgudstenesta

Sjå s. 10



Presten har ordet	s. 2	Nyskipa gospelkor i Vindafjord	s. 6	Open kyrkje med keltisk bøn	s. 12
Redaksjonspennen	s. 3	Tid for konfirmasjonar i Vindafjord	s. 7	Då lo eg...	s. 12
Min song	s. 3	Visitasforedrag	s. 8	Gudstenesteliste og Kyrkjeboka	s. 14
Kveldsbøner og Gjevarteneste	s. 4	Visitasgudstenesta	s. 10	Møte og arrangement	s. 15
Brandøy Misjons- og konferansesenter	s. 5	Kvífor markerer vi påske og pinse?	s. 11	Barnas side / oppgåver	s. 16



HYRDINGEN:
Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 53 14 72
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:
Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen
Kari Vik Stuhaug

Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold
Vikarprest Sigfred Sørensen

Skjold kyrkje, Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Tlf. 4889 0359

sigfred.sorensen@outlook.com
Kontortid: Etter avtale.

Soknepresten i Vikedal
Tsegayesus Hurisa Hunde

Vikedal kyrkjekontor
Kyrkevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no
Kontortid: tysdag–fredag, 9–15

Kateket Britt Karstensen
Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:
Pb. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd: Sunniva Tveit Gregersen
Ølen og Bjoa: Signe Britt Vik
Sandeid: Ragnvald Stople
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

Presten har ordet

Av sokneprest Tsegayesus Hurisa Hunde



Vi trur på ein Levende Herre

«Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublende glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til læresveinane. Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.» Matt 28, 8-10

desse kvinnene fortalte med stor frimod. Ikkje rart dei var glade og redde på ein gang. Det var glede og forventning fordi Jesus var levande. Glede fordi, då var det sant alt Jesus hadde sagt. Glede fordi det Jesus hadde sagt også handla om dei og livet deira og framtida deira. Og likevel redde. Det skremmende med å møta ein engel frå himmelen. Møtet med Guds veldige inngrep i historia. Møtet med mysteriet som var så uendelig mykke større enn slike ting dei kunne fatta og forstå. Siger og forsoning. Hadde det ikkje vore for at Jesus stod opp lekamleg og fysisk, så hadde svært få i dag visst kven Jesus var. Kyrkja hadde ikkje vore til, og oss, kva hadde det vorte til med oss? Oppstandelsen er ein klar føresetnad for at Det nye testamentet vart skrive. Dei hadde kjent den botnlause fortvilelsen då Jesus vart mishandla, lei og døydde. Dunder og brak, møte med engelen, det ufattelege, men likevel sanne bodskapen om den tomme grava – ikkje rart dei var redde. Og så møtet med Jesus då.

Desse kvinnene vart dei første til å fortelja at Jesus lever. I kyrkja er nokon sett til å vera prestar og andre til å vera organist, kyrkjeterar og klokker. Gud har sett nokon til å ha eit spesielt leiaransvar og ansvar for å forkynna, og det finst ulike nådegåver, nokon innan omsorg, nokon innan song og musikk og forvaltning. Innan eit stort mangfald av oppgåver bør kvar og éin finna plassen sin og nådegåva si og ta del i det som bygger forsamlinga. Det er eit godt og rett kristent prinsipp. Men desse kvinnene som skunda seg bort frå grava, dei hadde del i det oppdraget som gjeld for alle kristne til alle tider – dei skulle fortelja at Jesus lever. Dette er det mest grunnleggjande vitnesbyrdet som alle kristne er kalla til å fortelja. Og

Redaksjons-PENNEN

Av Steinar Skartland

At biskopen kjem på offisiell vitjing til kyrkjelydane i kommunen, skjer ikkje så ofte. Ho har nok vore her før, Anne Lise Ådnøy, i ulike samanhengar. Men ein visitas er for å sjå, lytta og oppleva korleis det står til med det kyrkjeloge arbeidet. Medan sokneprestane har ansvar for gudstenester og dei liturgiske oppgåvene, så er mykke av arbeidet innan trusopplæring og diaconi heilt avhengig av frivillige medarbeidarar som gjer si teneste utan løn eller tilsetjing. Og i Vindafjord er dei mange som står på. Då er det godt å ha eit «Frivillighetens år» der vi kan få retta merksemda mot desse som er utruleg viktige i bygdene våre.

Men om sola skein over Vindafjord denne veka, så var her også mørke skyer. Aviser, fjernsyn og radio fortel heile tida om krigen i Ukraina. Om folk som lid og om menneske på flukt. Bror, far og bestefar må vera igjen for å forsvara landet sitt medan mor, born og eldre strøymer vestover og sørover. Bort frå krigen. Bort frå bomber som fell og bort frå vondskapen som tek mange liv. Men det er ikkje nok for dei å koma seg over grensa til naboland som Polen. Nå må folk og land i vest gje dei ein heim dei kan vera i til det ein dag er fred og dei kanskje kan venga heim att. Det er ennå vinter og kaldt, og dei har ikkje med anna enn det dei får i ein koffert. Mange står klar til å hjelpa. I Noreg er det mange som opnar dørene og tek imot dei som må flykta. Mange som samlar inn og sender hjelp.

Bispevisitasen vart avslutta med at alle kyrkjemlokken ringde i 7 minutt på søndag 13.mars. I Ølen stod flokken stille med andletet vendt mot kyrkja. I stille bøn og med tankar til dei som lid i Ukraina. La oss ta vel imot dei som treng ein stad å flykta til nå.

God påske.

Bilete på framsida er frå visitasgudstenesta 13.3. i Ølen kyrkje, og viser: Prost Rune Steensnæs Engedal, biskop Anne Lise Ådnøy, sokneprest Kari Vik Stuhaug

Min song

Av Anita Hamre



Anita Hamre

Bur på Bjoa
Aktiv i Bjoa Misjonsmenighet
og Innbjoa Bedehus

«Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!» (Bibelselskapet 2011)

Eg har lært meg alltid å gå til Jesus med alt i bøn. Det har gitt meg styrke og kraft til å gå vidare. Jesus inviterer oss alle å komma til Han med det me slit med. Då kan du også få oppleva «Skjonne hvileplass ved Jesu hjerte»

Skjonne hvileplass ved Jesu hjerte

Dyre Jesus la min sjel seg gjemme
Ved ditt hjerte under stormens brus
La meg hvile der og verden glemme
Til jeg ser deg i min Faders hus

Skjonne hvileplass ved Jesu hjerte
Sikre tilfluktsted for såret sjel
Å der glemmer jeg all sorg og smerte
For hos Jesus der er alt så vel

Trette barn her kan du finne hvile
Her finns legedom for alle sår
Å om blott du hastig ville ile
Til din Faders favn som åpen står

Blir du stundom motlös under ferden
Drager han deg kjærlig til sitt bryst
Hvisker: Jeg har overvunnet verden
Jeg er med deg fatt kun mot og trøst

Forfattar: Ukjent

Årsmøtetid med takk

Av redaktør Steinar Skartland

Tusen takk til alle som har sendt eit beløp som bladpengar til Hyrdingen. Tusen takk for ofringar i kyrkjer og gåver som er sende frå nokre lokale lag og private. Vi kom ikkje heilt i mål i fjer og enda på underskot, men fellesråd og sokneråd vil støtta opp for å sikra drifta av bladet.

Dei er kalla inn til årsmøte for Hyrdingen

24. mars. Økonomien og årsmelding er viktige saker. Korleis kyrkjebladet skal koma ut til alle husstandar for å invitera inn til arbeidet og presentera noko av det som skjer i kyrkje, diaconi, trusopplæring mm. Arbeidet utført av frivillige, men også av tilsette på ulike område.

Takk til dei som står på.

Kveldsbøner - minne med meinung

Tekst: Steinar Skartland

28. april kl. 16:00 deltar Guri Lisabeth Ravatn på 60+ i Skjold kyrkje. Der skal ho ha kåseri om "Kveldsbøner - minne med meinung", og det blir musikkinnslag ved Kjell Ravatn.

Guri Ravatn skreiv i Hyrdingen i fjor om eit prosjekt ho held på med for å samla inn lokale «aftenbøner» som folk minnest frå sin barndom. Korleis gjekk det med dette prosjektet, undrast vi, og Guri fortel:

– Dette er mest av eiga interesse og eg ønsker å utvida det heile, så får me sjå kva det blir. Eg deler gjerne med andre.

Kom det mange innspel?

– Å nei du, ikkje eit einaste skriftleg innspel. Nokre har kommentert positivt og delt når eg har møtt dei tilfeligg, men det kom ikkje nye slik. Eg hadde 40 og har det framleis. I sommarhalvåret gjorde eg ikkje noko med dette. Nå har eg reinskrive og samla

informasjon, slik at eg for kvar bøn har tilgjengeleg informasjon frå informant, samt at eg skriv om bøna i dei tilfelle de er objektive opplysnigar, t.d. salmetekst.

Korleis vil du bruka dei?

– Det blir nok ikkje bok (førebels). Det er for kostesamt og arbeidssamt. Men, Haugalandmuseet vil gjerne ha eit eks av det som er samla inn og knytta det til det arbeidet som er gjort kring bedehus i regionen. Eg har ikkje sendt noko ennå. Førebels har eg gjort nokre små utspeil for å møta lag og organisasjonar for å fortelja om arbeidet og for å koma i samtale med møtelyden om deira erfaringar og erindringar om aftenbønn i eigen barndom eller med eigne barn. Eg har avtale med 60+ i Skjold og med Torsdagtreff i Ølen. Tenker at bygdekvinnelag, misjonsforeiningar, pensjonistforeingar, sanitetslag o.l. kan vera aktuelle å kontakta. Koronatida nå gjer at det ligg litt på is å ta kontakt



Guri Ravatn kåserer på 60+ i Skjold.

for fysiske møte, fortel Guri Ravatn og legg til:

– Eg har og tankar om at dette muligeins kan brukast mot demente, få i sving minnespor hos dei.

Så ventar vi spent på om det blir meir utvikling i denne saka, som nok er noko mange har eit forhold til. Å leggja seg under dyna om kvelden. Lytta til far eller mor som les frå ei bok eller syng ein song, og kanskje sluttar av med ei lita kveldsbøn saman med barnet. Det skaper minne som mange har med seg frå fine kveldsstunder.

Gjevarteneste til trusopplæring i kyrkjelydane i Vikebygd, Skjold og Vats

Tekst og foto: Gunnar Listog



Esther L. Åsheim.

I desse dagar går sokneråda i dei tre bygdene ut med oppmoding til innbyggjarane i Vikebygd, Skjold og Vats om å hjelpe til med innkjøp av godt og inspirerande materiell til trusopplæringstiltak for born og unge.

Det er foreldre og føresette saman med kyrkja som har ansvaret for opplæring i kristen tru og livstolking. I kommunen vår har me ein kateket og to kyrkjelydspedagogar i til saman 165% stilling som arbeider med ulike trusopplæringstiltak for born og unge i alderen 0 – 18 år. Ei av dei er Esther L. Åsheim, som frå 6. mars er tilsett som trusopplærar i 40% stilling. Ho skal i all hovudsak arbeida i Vikebygd, Skjold og Vats.

Utfordringa om å hjelpa til slik

at born og unge får med seg den kristne arven i livsbagasjen sin, går ikkje berre til foreldre/føresette. Nei, han går til alle som er glade i born: besteforeldre, oldeforeldre, tanter, onklar, fadrar, familievener ...

I kyrkjene i Vikebygd, Skjold og Vats ligg det ei brosjyre som inneheld både ei orientering om ulike trusopplæringstiltak og ein svarslepp. Denne svarsleppen fyller du ut og sender til kyrkjekontoret i Skjold, eller du stikk innom med han. Du kan også sende opplysningane dine på e-post (post.kyrkja@vindafjord.kommune.no). Sjølv sagt kan du og ta ein telefon til Tove på kyrkjekontoret (53765796), så fyller ho ut slippen for deg. Uansett korleis du gjer det, er saks-handsaminga konfidensiell.

Brandøy Misjons- og konferanse-senter

Tekst: Steinar Skartland

Brandøy er først og fremst ein lokal leirstad som kan ta i mot grupper på rundt 80 personar. Korleis har det vore å driva ein leirstad under pandemien undrast vi og rettar spørsmålet til Annbjørg Naterstad Våge som saman med ektemannen Andreas er styrarpar på Brandøy.

– Det har jo vore to år med mange «svingar» og nokre motbakkar for Brandøy også, fortel Annbjørg, som er tilsett på leirstaden.

– Uforutsigelighet, og heile tida nye restriksjonar har vore krevjande. Vi har brukt tid på rydding og vasking og andre praktiske oppgåver som trengs gjera med jamne mellomrom. Tidvis har mesteparten vore permittere, men i minst mogleg grad. Men samtidig har vi fått noko kompensasjonsmidlar, så det ser ikkje heilsvert ut. Økonomien er jo hovudutfordringa med situasjonen no: Sjølv om vi har fått kompensasjonar, har vi ikkje fått sjanse til å opparbeida noko overskot. Dermed har Brandøy mindre handlingsrom for vedlikehald og oppgraderingar no enn før pandemien. Elles er det veldig godt å vera i gang igjen med arrangement nå!

Er det mykje som leirstaden har mått avlysa?

– For det meste har avlysingane vore knytt til dei periodane med restriksjonar på at berre få kunne samlast på offentlege arrangement. Nokre grupper har også mått avlysa elles på grunn av lokal smitte eller at det har vore svært vanskeleg å planlegga for gjennomføring når alt av smitte og restriksjonar stadig har vore i endring.

Blir det nå tilbake til normalen med drifta og leirarbeidet?

– Vi har allereie frå midt i februar og framover vore tilbake i normal drift. Gruppene har vore noko mindre i størrelse no, ofte på grunn av at mange er sjuke av korona og andre sjukdommar. Så med god tilgang på handvask og antibac, er vi godt i



Ungdommar på leir. Foto: IMS.

gang igjen!

Kva med utleige av Brandøy til eksterne?

– Ja, dei aller fleste arrangementa har mått avlysa pga. at dei skulle vore fleire enn restriksjonane tilsa at det var lov til. Nokre heilt få selskap har vorte gjennomført, men med få gjester. Helgene framover er fullbooka om lag eitt år fram i tid i alle fall, og mange helger vidare også.

Annbjørg legg til at dei i desse dagar sender ut gåvegiro der dei har skrive litt om situasjonen med økonomien etter koronatida. Brandøy treng eit økonomisk løft for å få moglegheit til å vedlikehalda og utvikla plassen framover. (Ein kan gje ei gåve til Brandøy på kontonr. 3000.21.26261 eller Vipps 594910).

Leiran på Brandøy er det Indremisjonssamskipnaden (IMS) som arrangerer. Sjå nettsidene:

indremisjonssamskipnaden.no/leirar/. All påmelding skal skje direkte til IMS som du kan kontakta på e-post: post@indremisjonen.no eller ringa IMS på telefonnummeret 53 41 07 04.

Leir er ein flott måte å bli betre kjent med Jesus, andre leirdeltakrar, leirleiarar og Brandøy på. Av uteaktivitetar kan du spela fotball, volleyball og basketball på banar, bada og padla – når veret og årstida passar til det – eller leika på leikeplassen. Inne er ein aktivitetshall som kan brukast til mykje, eller kanskje du vil slappa av litt med eit spel? Her er mange moglegheiter!



Annbjørg Naterstad Våge.



Brandøy leiarar

- 8.-12. april: Påskefestival (8. klasse +)
- 25.-28. april: Vårtreff
- 24.-26. juni: Sommarleir (5.-7. klasse)
- 27.-29. juni: Sommarminileir (2.-4. klasse)
- 1.-5. juli: Familieleir
- 4.-7. august: Leiar treningsleir (8. klasse +)
- 27.-28. august: Brandøyhelg
- 12.-14. september: Kvinnedagar

Nyskipa gospelkor i Vindafjord – initiativtakar og leiar Marita Kvitno Staurland

Tekst: Trygve Sandvik



I midten av november 2021 vart det skipa eit nytt gospelkor i Vindafjord. Dette koret har øving på Vikedal bedehus eller i kyrkja kvar måndag, og det er for tida samansett av 7 medlemer. I kyrkja i Vikedal den 9. mars i samband med Bispevisitasen var koret med og deltok. Leiaren bak koret er Marita Kvitno Staurland, og ho fortener ein omtale.

Marita er 43 år og mjølkebonde i Ølmedal. I tillegg har ho hatt ein 1/3 stilling som kyrkjeterar sidan 1. september 2020 i kyrkjene i Vikedal

og Imsland. Ho har ein allsidig bakgrunn, og frå ho gifte seg i 2009 med Ole Johan Staurland, har ho saman med han drive gardsbruk. Men ho er fødd og oppvaksen på gard på Vestre i Skjold, og før ho kom til Imsland hadde ho bak seg "litt av kvart". I utgangspunktet er ho utdanna gartnar, men av anna utdanning har ho gått på Framnes folkehøgskule, ho har teke eit påbyggingsår på Lundeneset etter gartnarskulen og ho har gått på Fjellheim bibelskule i Tromsø. I arbeidslivet har ho tidlegare mellom anna vore avløysar på gard,

Minikonsert i Vikedal kyrkje

Tekst: Kamilla Staurland

I anledning bispevisitas var det onsdag 9.mars rigga til minikonsert i Vikedal kyrkje. Konserthen viste at det å måtte ta ting litt på sparket, ikkje nødvendigvis går utover konsertopplevinga negativt, men tvert i mot, gir rom til nye innspel.

Leiar for kvelden var Andreas Andreassen. Han kunne fortelje om Vikedal si historie og om korleis det før var sjøvegen som band saman plassar og ikkje vegen som i dag. Dei frammette fekk også historia til konsertens lokale, nemleg Vikedal kyrkje.

Slik det var planlagd skulle fleire frå kulturskulen ha innslag. Men då ingen herifrå kunne delta på konserthen grunna sjukdom etc. var det ingen ringare enn kulturskulen sin rektor Anne Kristine Andersen som stilte med gitar og visesong. Anne



Deler av gospelkoret.



Andreas Andreassen overrekker «bygdebokergave» til Biskop Anne Lise, frå soknerådet.

reinhaldar i kommunen og ho har hatt ein liten stilling som støttekontakt.

I ungdomen reiste ho ein god del. Mellom anna var ho eit år i Bolivia i Sør Amerika der ho arbeidde på ein barneheim, elles har ho reist og sett mykje av verda.

Marita er glad i å syngja. I bandomen og i ungdomstida gjekk ho i kor, og å syngja om Jesus har gitt henne stor glede. Gospelkoret som ho no har fått i gong, har kome som eit tidlegare ønskje om å få vera med i eit vaksenkor.

Men Marita har også engasjert seg på andre felt. I bygdekvinnelaget har ho funne sin plass, og på andre område i bygdemiljøet har ho vist engasjement og interesse. Ho har godt humør, og ho er eit friskt innslag i bygda.

Hyrdingen er glad for at det er kome eit gospelkor i kommunen, og me vil ønskja lukke til med korsongen framover.

Tid for konfirmasjonar i Vindafjord

Tekst: Steinar Skartland

Ungdommar i heile Vindafjord gler seg til den store dagen: Konfirmasjonen. I Skjold, Vats og Vikebygd blir konfirmasjonane etter sommaren (og blir presentert i neste nummer), men ungdommane i dei andre bygdene skal konfirmerast nå i vår.

Konfirmanttida er ei tid for å tenkja nye tankar. Få nye opplevingar og kanskje nye vener? Ulike tema dei utforskar saman er: Kor kjem eg frå? Kva skal eg brukha livet til? Finst Gud? Kva skjer i ei gudsteneste – sånn eigentleg? Venskap og menneskeverd. Sorg og glede. Kjærleik, seksualitet og samliv. Miljø og rettferd. Korleis kan eg bety noko for andre? Kva skjer når me ber? Kven er Jesus?

I konfirmanttida er det tid og rom for å tenkja og stille spørsmål. Ei tid for å læra meir om Gud, den kristne trua, om seg sjølv og om andre. Kyrkjelydane i Vindafjord ønskjer å gje eit godt tilbod med variert undervisning og aktivitetar, men modellane er litt ulike frå stad til stad.

Ølen og Bjoa

– Det var konfirmantleir for Ølen og Bjoa – på Brandøy 18.–20. februar, fortel sokneprest Kari Vik Stuhaug. – Det var planen at alle konfirmantane

i kommunen skulle vera der, men på grunn av restriksjonane var det vanskeleg og uføreseileg å planlegga, og ca. ein månad før var det ikkje tillate å samla unge frå så mange bygder og skular. Så landa me på å gi ulike tilbod til dei tre ungdomsskulane. For Ølen og Bjoa blei det ein kjekk leir, trass i mykje smitte i klassen på den tida. Difor fekk ikkje alle med seg alt, men konfirmantåret har i hovudsak gått som planlagt med undervisningssamlingar i kyrkja eller på Kyrkjetur.

I oppleget var pilegrimsvandring til Bjoa kyrkje i september og felles opplegg for alle konfirmantane i november med Ruben Gazki, som kalla seg «Svindlar med stil». Han er ein kristen magikar som snakkar om verdiar og sanning. Dette året gjennomfører konfirmantane «Fasteaksjonen» med innsamling til Kirkens Nødhjelp som ein tradisjonell dør til dør-aksjon. Dei har også gjennomført Lysmesse før jul og Ung Messe (samtalegudsteneste) med konfirmantfest etterpå, den 27. mars.

Vikedal, Sandeid og Imsland

– Konfirmantane våre har vore på konfirmantleir på Utsira, fortel sokneprest Tsegayesus. – Der hadde vi ei flott stund saman, men konfirmantarbeidet har her også vorte ramma av



Foto Bo Mathisen/Kirkerådet.

pandemien. Me klarte å gjennomføra ein del undervising, men måtte avlysa fleire samlingar. Likevel deltok vi på fellessamling for alle konfirmantane i kommunen, med Ruben Gazki.

– Konfirmantane hadde fem grupper: Diakonigruppe, misjonsgruppe, fotogruppe, idrett- & naturgruppe, og ei musikkgruppe. Konfirmantundervisninga hadde me ofte på skulen, men også i kyrkjene og bedehuset i Vikedal. Biskopen blei overraska når ho fekk sjå alle konfirmantane på visitas gudstenesta. Det var kjekt å høyrta.

Skjold, Vats og Vikebygd

I desse tre bygdene skal konfirmasjonane vera etter sommaren og vi presenterer dei i neste nummer av Hyrdingen (Skjold 27.august, Vikebygd 28.august, Vats 3.september).

Konfirmasjonar i vår

Imsland søndag 1. mai

Amalie Vannvik - Rennesvik
Beate Imsland Birkeland
Jan Torkel Imsland Mo
Linnea Rønnevik
Madelen Rønnevik

Hannah Solberg

Thea Rørtveit Rødne

Vikedal søndag 24. april

Celina Strømland
Tiril Våg Skjold
Mikkel Espenvoll Leifsen

Kjerstina Nesheim

Kasper Skipevåg
Oda Bakkedal

Elias Leite Frøland

Jarle Morgan Baustad

Sandeid søndag 8. mai

Silje Larsen
Sofie Stueland Gjerde

Marie Kaldheim

Kim Bjarte Rørheim
Magnus Staknes Hauge

Ole Magne Leite Aandahl

Dag Andre Apeland Skarpeid

Ingerid Hundseid Lærdal

Vegar Holte Owe
Gebremichael

Maren Eide Ljosnes

Tuva Steinsland
Sondre Ådnanes Bokn
Daniel Tofte

Bjoa søndag 8. mai

Anna Vivelid
Christoffer Heggebø

Sandsgård

Erlend Tveit

Jonathan Tønnessen

Vestbø

Lukas Alvseike

Sander Knutsen

Siri Steinsland

Theodor Vestbø Reimers

Meir musikk kunne Jorunn Skjervheim by på. Med song og gitar gjorde ho kvelden saman med alle dei andre involverte til eit triveleg arrangement i Vikedal kyrkje.

Visitasforedrag

Vikedal, Imsland, Sandeid, Bjoa og Ølen
6.-13. mars

Tekst: Biskop Anne Lise Ådnøy

Som avslutning på visitasveka oppsummerte biskop Anne Lise Ådnøy inntrykka sine i eit visitasforedrag på Kyrketunet i Ølen. Foredraget har Hyrdingen fått lov å setja på trykk her.

Så heldige me har vore som har fått vera i Vindafjord denne veka! Me har vore på ei festreise. Skinande fjellside, kyrkjer og menneske har lyst opp dagane. Folk har vore gilde å vera i lag med, og landskapet har vore ei strålende ramme om mange gode møtepunkt og arrangement.

Me er tidleg på våren, på veg ut av pandemien. Det seier litt om tida me har i kroppen at sist sundag i Vikedal måtte både dåpsfylge, prest og kyrkjemusikar melda forfall på grunn av korona. Nå rir me av oss det me kan håpa er dei siste bølgjene av smitte på ei stund.

Me kjenner at me har gått gjennom to år med avstand, smittevern og bekymring. Det er ikkje så rart om det tek oss litt tid å oppdaga verda og fellesskapet på ny, og akkurat når me ser lyset i andre enden av pandemien, får me melding om at leiinga i Russland har teke av seg maska og gått inn med store styrker i Ukraina. Bilete me berre har sett i historiebø-



Frivilligfest med biskopen. Foto: Harald Helberg.



Anne Lise Ådnøy heldt visitasforedrag på Kyrketunet. Foto: S. Skartland.

saman. Kyrkja på kvar stad og den lokale tilknytinga til kvar bygd er eit perlekjede i Vindafjord, men de treng også trådane som bind dykk saman, og dette møtet var eit godt eksempel på at det er godt å vera på lag!

Fra stabsmøte reiste me til Nortura på Sandeid. Me fekk høyrta korleis dei har klart å driva med kvalitet og vera eit godt og viktig arbeidsmiljø heilt sidan 1974. Seinare på dagen møtte me leiarar og representantar frå skular og barnehagar. Trusopplærarane fekk flotte tilbakemeldingar på jule-, påske- og pinsevandringar. Ungane leikar, trivst og lærer, og pedagogane synest opplegget er topp. Nå er det snakk om ein plan som sikrar og styrkar samarbeidet.

På kvelden møtte me sokneråd og fellesråd.

Det er noko imponerande i at kyrkjelydsarbeidet i desse sokna i så stor grad er i hendene på frivillige. Kyrkja vår er laga slik at presteteneste har ansvar for gudstenester og kyrjelege handlingar, fellesrådet har ansvar for økonomi, bygg og personal, mens sokneråda er øvst i hierarkiet i alt som elles handlar om livet i kyrkjelyden. Dette set frivillige i ein nøkkelposisjon. Tusen takk til alle dykk som har teke ansvar og bruker tid og krefter på kyrkjelivet på alle stadene i kommunen!

På alle område er lokalt nærvær viktig i Vindafjord. Det finst eit eige liv og fellesskap i kvar bygd, og dette er det viktig å ta vare på. Det er klart

at også for kyrkja er det ressurskrevjande med så mange einingar i eit område, men det er eit viktig mål for kyrkja å vera landsdekkande. Derfor er det fleire prestar og fleire kyrkjer her enn det medlemstal ville til sagt i eit meir tettbygd strøk. Denne veka har me sett at dette skaper ei kjede av perler, av både bygder og kyrkjer, i Vindafjord, med kvart sitt særpreg som det har stor verdi å ta vare på.

I forkant av visitasen har nokre av dei minste sokna, mellom anna Imsland og Bjoa, signalisert at det er viktig å ha minst ei gudsteneste i månaden. Imsland har nå ei forordning som ligg nær dei siste ønska fra soknerådet. Dette er også mogleg fordi ein har fått til godt samarbeid om gudstenesterytmen med nabosokna. Biskopen ser at Bjoa treng gudstenester rundt ein gong i månaden for å dekka det som nå er behovet og vil sjå på korleis dette kan løysast med den prestetenesta som er tilgjengeleg.

Sokneråda har engasjement for å vera opne kyrkjer, for barne- og ungdomsarbeid, gudstenesteliv og inkludering. I løpet av det neste skuleåret kjem det ein reiskap som ikkje minst er laga for små sokn, som skal få i gang gode samtalar om satsingsområde og tiltak i sokna. Felles kyrkjelydsplan skal hjelpe soknerådet til å setta i gang gode samtalar, tenkja over kva som trengst akkurat der en er, bygga lag, få auga opp for ressurssar ein alt har og velja kva tiltak som er viktigast her og nå. Me oppmodar alle sokneråd til å følgja med når dette kjem, i alle fall til neste soknerådsperiode.

Me snakka også om diakoni på soknerådsmøta. Det er gode erfaringar med det felles trusopplæringsutvalet i Vindafjord. Det finst også mykje godt diakonalt arbeid i sokna, både besøksteneste, internasjonalt treffpunkt, sorgarbeid, kontakt med institusjonar og fellesskapsbyggande arbeid. Kanskje ville det vere lettare å vera i dei oppgåvane som alt finst viss ein var fleire som sto saman. Kanskje ville ein då også finna fram til korleis kyrkja kan vera med å bygga gode lokalsamfunn gjennom å satsa saman. Mykje må skje på kvar plass, men noko er det lettare å få til felles.

Det finst sterke tradisjonar for å sjå lenger enn eiga nase her i bygdene. Me har møtt fleire med erfaring med



Biskopen møtte fellesråd og sokneråd. Foto: S. Skartland.

mision og internasjonalt arbeid. Kyrkjelydane har gode misjonsprosjekt og gjev mykje av det som blir samla inn av midlar vidare. Nå står me framfor ei tid der å vera gjestfri, raus og handlekraftig på ny blir ekstra viktig. Me høyrer kommunen har starta planlegginga av korleis fleire flyktninger kan koma. Frivillige lag og organisasjonar spelar ei viktig rolle i å gje nye som kjem folk og aktivitetar å knyta seg til.

Det siste me gjorde tysdag kveld var å møta fellesrådet. Fellesrådet tek nå tak i mange viktige saker, både når det gjeld personal, vedlikehald og drift. Tusen takk til eldsjelene som brukar tida si til å gje kyrkjelydane gode rammevilkår. Fellesrådsleieren har følgt oss gjennom mykje av visitasen. Han har gjeve oss mykje innsikt i korleis det står til og kva det er viktig å gjera framover.

To visitasdagar til

Onsdag føremiddag møtte me ordførar og kommunedirektør i Sjøperlo. Det var eit bygg fylt av optimisme for alt som nå blir mogleg etter pandemien. Me møtte ei kommunaleining med god forståing av kyrkja si rolle og med opne dører for god dialog og godt samarbeid. Me snakka om kyrkjer og kyrkjegardar, diakoni og innsats for lokalsamfunnet, og om god synkronisering mellom kommunale ansvarsområde og kyrkja. Det me høyrer om næringsutvikling og innsatsen i frivillige lag og organisasjonar viser at dette er ein kommune med mange ressursar i både natur og kultur, men aller mest i folket som bur her.

Etter møtet med kommunen reiste me til Imsland og fekk gå Ørevikve-

gen, samlast til bøn med ein enkel kross og fjorden som alternativ, høyra historia om bygda og besøka kyrkja, som ligg så vakkert til og opnar seg så fint for dei som kjem.

På kvelden var det kulturveld i Vikedal, mellom anna med viser frå 70-talet som har blitt aktuelle igjen, eit levande overblikk over lokal bygde- og kyrkjehistorie og eit lovande nytt gospelkor. Det er flott når kyrkja kan sleppa stemmer som har mykje flott å formidla til, i ord og tonar. Her blei det sunge både frå og til hjarta. Etterpå var det frivilligfest på eit lunt, triveleg og nyoppussa bedehus. Eit av høgdepunkta var å få sjå bilete frå oppussinga av huset og frå ungdomsklubben i Vikedal. Det er ikke alle stader det finst så gode stadar for ungdom å vera. Tusen takk til dei som på denne måten legg til rette for fellesskap og trivsel!

Torsdag besøkte me Omega. Me fekk høyrta ei imponerande historie om korleis ei global verksemeld kan voksa fram gjennom godt arbeid og sunn bedriftskultur. Det er inspirerande å møta det jordnære og verdipregda ønsket om å skapa utvikling som finst fleire stader i dette området. Det er også til inspirasjon for kyrkja!

Visitasen avslutta med frivilligfest og konsert. Her var det mange ressurspersonar med ulike talent. Det er nesten ikkje til å tro at me nå kan sjå fram mot ei tid der gode krefter igjen kan setjast i spel for å skapa gode møteplassar, og å samlast til song, kyllingsuppe og gode ord gjev meir-smak. Det passa godt med stødig og svingande jazz i kyrkja som avslutting.

Vegen vidare

Er det noko dei siste åra har vist oss, så er det at det er vanskeleg å ha kontroll på framtida. Tvert imot har åra vist oss at sjølv i eit av verdas tryggaste samfunn finst det stadig utfordingar som gjer at det ikkje blir så lett å vera menneske.

Derfor treng me kvarandre. Me treng kyrkjelege fellesskap som samlar oss på tvers av generasjonar og bakgrunn. Me treng fellesskap som handlar om noko anna enn å konkurrera, vera best eller samla oss fleire ting. Me treng nokon som legg til rette for at barn og unge får aktivitet med meinings, der dei får høyrat den dei er og det som bur i dei har

mykje å seia for verda ikking dei.

Me treng også det unikt kyrkjelege. Gudstenesta er kanskje ei litt framand verd for fleire enn det me skulle ønske, men det er viktig at det finst ein måte å vera fellesskap på der Gud blir synleg midt blant oss, der den nauda me ser kan bli til bøn, der det som skjer i liva våre kan bli lagt i større hender, der håp, tru og kjærleik kan ta bustad i oss gjennom heilage ord og handlingar.

Det kyrkjelege arbeidet handlar om å skapa meir himmel på jord. Det er visjonen for Den norske kyrkja, og det er eit arbeid som ikkje er ferdig. Det ser me ikkje minst i desse dagane, når verda heller tek steg tilbake enn

fram. Nettopp då trengst alle som i staden for å gje opp verkar til det gode, for kvarandre og for dei viktige fellesskapene våre.

Eit punkt på visitasen har me ikkje nemnt enno. Då me besøkte Bjoa kyrkje, sto sola akkurat slik at ho lyste inn mot alteret, så dei fine fargane frå krossane i vindauge trefte altaret. For å forstå liva våre treng me både krossen og lyset. Trua vår er krossfarga, boren av Guds kjærleik, retta mot alle påfyll av varme og håp i dagane våre. I kyrkjene i Vindafjord er de det fellesskapet som let det lyset skina. I tida som kjem er det noko me vil trenga meir og ikkje mindre.

Visitasgudstenesta 13. mars i Ølen

Tekst: Steinar Skartland

Ei veke på visitas i Vindafjord vart avslutta med visitasgudstenesta, kyrkjecaffi og biskopen sitt foredrag som ei oppsummering av inntrykka ho hadde fått på vitjing i kyrkjelydane i Imsland, Vikedal, Sandeid, Bjoa og Ølen.

Gudstenesta starta med prosesjon med soknerådsleiar, sokneprest, prost og biskop. Lars Dalen ynskte velkommen, sokneprest Kari Vik Stuhaug las preiketeksten før biskopen held si preike. Mange hadde teke vegen til kyrkja for å delta, men det likevel god plass i benkene.

Etter gudstenesta var det tid for kyrkjecaffi der biskopen presenterte dei mange inntrykka ho hadde fått gjennom møte med kyrkjelydar, tilsette og frivillige. Vi presenterer her visitasforedraget.



Rundt kaffibordet er samla: Gunn Heidi Dybdal (Rådgjevar undervisning), biskop Anne Lise Ådnøy, sokneprest Kari Vik Stuhaug, ordførar Ole Johan Vierdal, prost Rune Steensnæs Engedal og Kristin Steensnæs Engedal.



I bøn langs Ørevikvegen i Imsland. Foto: Harald Helberg.

Vandring på Ørevikvegen

I Imsland var biskop Anne Lise Ådnøy med på ein times vandring på Ørevikvegen. Underveis stansa dei opp og det vart bøn, tekstlesing og salmesong. 25 møtte opp frå fleire bygder for å vera saman med biskopen og følgjet hennar. Liv Hoff Imsland hadde laga nydeleg kakao til turgårarane og Teodor Imsland var historieforteljaren på turen som fann stad i flott solskinn.

Kvifor markerer vi påske og pinse?

Tekst: Steinar Skartland

Påsken er saman med jula den mest sentrale av dei kristne høgtidene, og vert feira til minne om Jesu Kristi lidning, død og oppstode. Forut for påsken vert fastetida markert. Tida mellom palmesøndag og skjærtorsdag vert kalla den stille veka. Etter påskesøndag kjem påsketida, som varer fram til pinse. Ordet påske er ei forvanskning av namnet på den jødiske høgtida «Pesach». Jødane har feira påske lengre enn dei kristne då dei feira utvandringa frå fangenskapet i Egypt.

Palmesøndag er i kristen tradisjon feiringa av Jesu inntog i Jerusalem. Dette skjer søndagen før krossfestinga langfredag. Namnet kjem av forteljinga i bibelen om at folk strødde palmegreiner føre Jesus då han reid inn i byen. I den lutherske kyrkja i Noreg, er den liturgiske fargen lilla, slik også for skjærtorsdag og langfredag.

Palmesundag

Dagen gryr og folket samlast til den store påskefest. Frydesrop, men og det jamrast for den høge himmelgjest. Meisteren vil gje oss fred når me høyrer, når me bed. Det er målet palmedagen når han rir i Sionshagen.

Skjærtorsdag er ein heilagdag som vert feira siste torsdag før påske. Ordet betyr «reinsingstorsdag», og kjem av norrønt skira, «reinse» (skjær= rein). Denne dagen markerer dei kristne Jesu siste måltid med disiplane før krossfestinga. Dermed vart dette innføringa av nattverden. I liturgen er det vanleg å ha med fotvask, til minne om at Jesus vaska disiplane sine føter før måltidet.

Langfredag markerer i kristen tradisjon dagen då Jesus Kristus døyde på krossen, fredag før påskedag.

Namnet kjem av at det var Jesu lengste dag. Mange kyrkjer markerer denne dagen ved ikkje å ha pynt på alteret og ikkje bruka musikkinstrument under gudstenesta.

Påskedag er feiringa av Kristi oppstode. Påskedagen er den dagen som forklarer heile kristentrua. Sjølv disiplane forstod ikkje heile Jesus sin

bodskap før påskedag og dagane etter. Dei første som fekk sjå Jesus levande, var kvinnene, og Maria Magdalena som møtte Jesus i hagen.

Kristi Himmelfartsdag (26. mai) er ei høgtid som vert feira til minne om at Jesus Kristus, ifølge Det nye testamentet, blei tatt opp til himmelen. Dette skjedde den førtiande dagen etter oppstoda, det vil sei torsdag i den sjette veka etter påske, ti dager før pinse.

Pinsen (5. juni) er festen som markerer at Den heilage Anden vart sendt til disiplane. Ordet pinse kjem av det greske ord «pentekoste», som betyr den femtiande, noko som gjev meinings når ein hugsar at pinse vert feira 50 dagar etter påske. Dei første kyrkjelydane har sitt utspring i pinseshendinga. Difor kallar mange også pinsedagen for kyrkja sin fødselsdag.

(Med utgangspunkt i tekstane for palmesundag 2021: Jes. 56, 6-8; Rom. 3, 21-26 og Matt. 26, 6-13)

Av Harald Eintveit

Kyrkjeclokken ringer for Ukraina

Sundag 13.mars klokka 13 ringte mange av kyrkjeclokkekene i Noreg for menneska som lir på grunn av krigen i Ukraina. Det var den norske kyrkja og Norges Kristne Råd som sto bak oppfordringa.

– Russland sin invasjon av Ukraina har sjokkert ei heil verd. Det rører ved oss alle, også som kyrkjelydar og som nasjonalt kyrkjeleg felles-

skap i Noreg. Vi vil markere solidaritet med dei som lir i Ukraina og dei som flyktar frå krigens redsler. Dette blei markert denne sundagen i bønner og ved å ringe med kyrkjeclokkekene, seier preses i Den norske kyrkja Olav Fykse Tveit. Han meiner dette er ein del av Den norske kyrkja sitt ansvar som folkekirkje.



Søndag 13.3. ringde alle kyrkjeclokkekene i 7 minuttar for å minnast krigen i Ukraina.

Open kyrkje med keltisk bøn

Tekst: Ingrid M. Sørvåg

Open KYRKJE med keltisk bøn er eit nytt tilbod i Ølen kyrkje. Ein ettermiddag annakvar veke fram til påske har kyrkja vore open ein time for dei som vil ha ei stille stund og evt. tenna lys. Med den uroa mange kjenner rundt krigen i Ukraina kan det vera godt å søkja kyrkja for ro og stilla. Den siste halve timen er det bøn i keltisk tradisjon som har eit naturnært og kvardagsleg språk. Ein har tatt utgangspunkt i bøner frå Lindisfarne, som er omsette og lett omarbeidde av Kari Vik Stuhaug.

I Vikebygd kyrkje vil me ha open kyrkje med keltisk bøn to onsdagar i første omgang, den 6.april og den 27.april. Dei som berre vil sitje og ha ei stille stund kan ha det, og dei som vil kan vere med og lese bønner og synge salmar.

Denne keltiske velsigninga er nok kjend for fleire:
Må din vei komme deg i møte,
vinden alltid være bak din rygg,
solens lys leke på ditt kinn,
regnet falle vennlig mot din jord.
Og må Guds gode hånd verne om deg
til vi møtes igjen.
(NoS 624). Keltisk bøn, omsett av Hans Olav Mørk

Då lo eg...

Olav Velde har vore lærar i Vats, han har også vore speidarleiar. No er han pensjonist og aktiv i lokalhistorisk arbeid, særleg i Vindetreet. Han vil dela denne historia med oss:

Sara hadde ein triveleg dag, sjølv om ho var åleine heime medan mannen var på jobb. Og i radioen var det eit program med bedehussongar. Det var særleg ein som var så flott. Ho skreiv ned tittelen, og kven som song. Ho trudde nok at Kristeleg Bokhandel kunne hjelpe henne med å skaffa CD'en.

Tenk om ho kunne få den alt i dag. Men først måtte ho støvsuga ferdig, og hengja opp eit klevask til tørk. Og blomane måtte ha vatn og stell. Tida gjekk. Ho fekk det annsamt om ho skulle sykla ned til bokhandelen, og så heimatt for å laga middag til mannen kom heim frå arbeid. Det vart litt stress, men ho heiv seg på sykkelen, og gløymde lappen som låg på kjøkkenbordet.


Ei tid etter kom mannen heim. Det var ikkje den vanlege lukta av middag, og så merkeleg stille. Han gjekk frå rom til rom, og vart uroleg for at noko kunne ha hendt. Så fann han lappen på bordet, men då

Bufetat

Illustrasjonsfoto

Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som trenger et trygt hjem? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Stavanger og Haugesund om å finne fosterhjem. Mer informasjon om fosterhjem på fosterhjem.no



vart han bleik. På lappen stod det «Hjemme i himlen med Gunnstein Draugedalen».

Olav Velde utfordrar Marita Kvitno Staurland i Imsland til å bidra med neste historie.

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølenstvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

Knaphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knaphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1 SR-BANK

Haugesund Sparebank

ENN EIN GONG

Dikt av Birgit Veastad Helland, 1909-99

Gud sende oss enn eingong
Våren ljos, med fuglesong.
Bjørka sprett som alltid før
Vindne suser linn, frå sør--.

Attved stoveveggen no
Snøklokker og krokus stod
Smilande og gledde seg;
Livet er vedunderleg.

Ser du han som styrer alt?
Av si avmakt har han kalt
Livet fram, og våren kom.
Mildt han ser til liten blom.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

Ølen auto

tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik



GRANBERG GARVERIA

Bjoavegen 187 - 5582 Ølenstvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

All natur vart til ved han:
Sol og måne, hav og land.
I hans bilet skapt me er,
Og me veit han har oss kjær.

Difor skal me syngja no
Herrens pris, for han er god.
Himlen smiler vårblank ned.
I Guds solskin me oss gle--.

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

MØTE OG ARRANGEMENT

Dato	Tid	Stad/kirke	Informasjon – sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
10.04.	11:00	Fjellstøl Skianlegg	Gudsteneste	Joh 12,1-13
10.04.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Den Norske Tibetmisjon	
14.04.	17:00	Ølen kyrkje	Kveldsgudsteneste, Takkoffer: Evangeliesenteret	Joh 13,1-17
14.04.	18:00	Sandeid kyrkje	Kveldsgudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	
14.04.	19:00	Vats kyrkje	Kveldsgudsteneste, Takkoffer: Stefanusalliansen	
15.04.	11:00	Vikedal kyrkje	Langfredsgudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 18,1-19,42
15.04.	11:00	Vikebygd kyrkje	Langfredsgudsteneste, Takkoffer: Kristent Arbeid Blant Blinde og Svaksynte	
17.04.	11:00	Sandeid kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 20,1-10
17.04.	11:00	Bjoa kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Kirkens Bymisjon	
17.04.	11:00	Skjold kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Stiftelsen Kirkelig Ressurssenter	
17.04.	17:00	Ølen kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Kirkens Bymisjon	
17.04.	18:00	Imsland kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Frelsesarmeens Haugesund	
21.04.	18:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Kirkens Bymisjon, Samtaleguds.	
23.04.	11:00	Ølen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	
24.04.	11:00	Vikedal kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Joh 20,24-31
24.04.	11:00	Ølen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	
24.04.	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Trusopplæring i Skjold, Vats og Vikebygd. Skattejaktgudst.	
01.05.	11:00	Imsland kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Matt 20,25-28
08.05.	11:00	Sandeid kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Joh 14,1-11
08.05.	11:00	Bjoa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	
08.05.	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	
15.05.	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 17,6-11
15.05.	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Norea, mediemisjon	
17.05.	10:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Acta. Normisjons barne- og ungdomsarbeid	Luk 17,11-19
17.05.	10:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Misjonsprosjektet	
17.05.	10:30	Bjoa kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	
17.05.	10:00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Norges KFUK-KFUM	
17.05.	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	
17.05.	11:45	Joakariparken (Ølen)	Gudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp (I kyrkja i fall dårleg vær)	
17.05.	11:30	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Misjonsprosjektet	
17.05.	12:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Redd Barna	
22.05.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, (Felles Skjold, Vats, Vikebygd) Takkoffer: Hyrdingen	Matt 6,7-13
26.05.	11:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste Kristi Himmelfartsdag, Felles for heile kommunen. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 17,1-5
29.05.	11:00	Sandeid gml kyrkjegard	Friluftsgudsteneste, Kystkulturtgt., Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 16,12-15
29.05.	11:00	Vikebygd	Friluftsgudsteneste, Takkoffer: Misjonshågskulen VID	
29.05.	17:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Diakoniarbeidet	
05.06.	11:00	Ølen kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	Joh 14,23-29
05.06.	11:00	Vikedal kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Wycliffe	
05.06.	11:00	Skjold kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	
05.06.	17:00	Imsland kyrkje	Høgtidsgudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	

Felles gudstenester

Skjold, Vats og Vikebygd

22. mai i Skjold, med song- og musikkinnslag.
Tema kyrkjelyden: Eit levande fellesskap.
Borna har eige program under preika.
12. juni i Vats Friluftsgudsteneste på Refsnes.
Tema kyrkjelyden: Eit veksande fellesskap.

26. mai Kristi Himmelfartsdag

Imsland: Felles gudsteneste for heile kommunen

Misjonskafe på Ersland

Denne våren vert det misjonskafe på Ersland bedehus!

Laurdag den 23.april kan du eta laurdagsgrauten din i gildt lag med naboar og andre kjente eller ukjente. Kaffi og kaker er det og råd å få kjøpa.
Det vert åresal, og du kan kjøpa med deg potets-kaker, lefser og anna bakverk heim.
Kafeen opnar kl.13.00. Velkommen!

Innbjoa Bedehus

Mini-Credo og Credo:

Dataar vil bli kunngjort på Facebook og plakatar lokalt.



Dåpen - foto: Bo Mathisen

Kyrkjetunet i Ølen

Følg elles med på: www.kyrkjetunet.no og Facebook-sida

07.04.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
07.04.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
12.04.	tysdag	19.30	Bønnemøte
14.04.	torsdag	Skjertorsdagskvelds	
19.04.	tysdag	19.30	Bønnemøte
21.04.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
21.04.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
24.04.	søndag	19.30	Søndagsmøte v/Aud V. Hoftun
26.04.	tysdag	19.30	Bønnemøte
28.04.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
28.04.	torsdag	19:00	Fellesforum. Kåseri v/Geir Toskedal
30.04.	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
05.05.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
05.05.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
06.05.	fredag	18:00	Bønnemøte - Fellesskap på tvers
06.05.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
10.05.	tysdag	19.30	Bønnemøte
12.05.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
15.05.	søndag	19:30	Møte, Indre Sjømannsmisjon
19.05.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
21.05.	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
24.05.	tysdag	19.30	Bønnemøte
31.05.	tysdag	19.30	Bønnemøte
02.06.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
02.06.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
09.06.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
10.06.	fredag	18:00	Bønnemøte - Fellesskap på tvers
10.06.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
11.06.	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
14.06.	tysdag	19.30	Bønnemøte
16.06.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
16.06.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)

Innbjoa bedehus

Endringar blir kunngjort på plakat eller Facebook

11.04.	måndag	18:30	Bønnemøte
13.04.	onsdag	11:00	Bønnemøte
20.04.	onsdag	11:00	Bønnemøte
21.04.	torsdag	10:30	Formiddagstreff
22.04.	fredag	18:00	Bedehusbasar
25.04.	måndag	18:30	Bønnemøte
27.04.	onsdag	11:00	Bønnemøte
02.05.	måndag	18:30	Bønne- og nattverdsmøte
04.05.	onsdag	11:00	Bønnemøte
09.05.	måndag	18:30	Bønnemøte
11.05.	onsdag	11:00	Bønnemøte
16.05.	måndag	18:30	Bønnemøte
19.05.	torsdag	10:30	Formiddagstreff
22.05.	søndag	Søndaggassamling	
23.05.	måndag	18:30	Bønnemøte
25.05.	onsdag	11:00	Bønnemøte
30.05.	måndag	18:30	Bønnemøte
01.06.	onsdag	11:00	Bønnemøte
08.06.	onsdag	11:00	Bønnemøte
13.06.	måndag	18:30	Bønne- og nattverdsmøte
15.06.	onsdag	11:00	Bønnemøte
20.06.	måndag	18:30	Bønnemøte
22.06.	onsdag	11:00	Bønnemøte
27.06.	måndag	18:30	Bønnemøte
29.06.	onsdag	11:00	Bønnemøte

Vågen bedehus

www.vaagenbedehus.no

06.04.	onsdag	19:30	Bønnemøte
10.04.	søndag	11:00	"Storsamling m.søndagsskule: Bygdasenteret. Talar: Marit H. Ådnanes"
13.04.	onsdag	19:30	Bønnemøte
14.04.	torsdag	19:30	Nattverdmøte
17.04.	søndag	19:30	Påskedagsmøte Talar: Rolf Hauge
20.04.	onsdag	19:30	Bønnemøte
22.04.	fredag	19:30	Loftet
24.04.	søndag	11:00</td	



BARNAS

Finn namn på 10 instrument!

I rutenettet under har vi gøynt namna på 10 forskjellige musikkinstrument. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

U	K	U	L	E	L	E	T	I	F
S	T	I	F	I	T	R	U	T	U
M	R	S	O	T	E	I	B	I	T
K	O	N	T	R	A	B	A	S	S
Å	M	Ø	R	O	M	A	T	I	A
P	B	B	O	M	O	P	Ø	M	T
O	O	A	M	M	G	I	T	A	R
D	N	L	P	E	R	A	S	T	U
E	E	L	E	R	Ø	N	U	A	T
L	A	O	T	F	I	O	L	I	N
Y	F	L	Ø	Y	T	E	K	R	Å

Finn fem feil!

Her gir Jesus brød til fem tusen. Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teknking: Claudia Chiaravalotti



Fargelegg Jesus



Vitsar

Så var det fyrvaktaren som fekk sparken. Han brukte å skru av lyset før han gjekk og la seg.

- Pappa må vere kjempegammal.
- Jaså? Kvifor trur du det?
- Fordi brannalarmen gjekk då han bles ut alle lysa på kaka.

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag

**Korleis har du det...
EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS
22 40 00 40

SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 8. juni.
Frist for levering av stoff er 2. mai.